

FORMANNSKAPET

HOVUDUTSKRIFT

Møtedato: 08.10.2009

Møtetid:

Kl. 15:00

Møtestad: Kommunestyresalen

Saknr.:

102/09 - 115/09

Følgjande medl. møte	Parti	Følgjande varamedl. møte	Parti
Helge Andre Njåstad	Frp	Ove Fagerbakke	Ap
Jostein Blænes	”		
Renate Møgster Klepsvik	”		
Kjetil Østervold	”		
Edvard Johannes Stangeland	Sp		
Christian Halstensen	Krf		
Morten Storebø	H		
Julie Solbakken	”		

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	
Jane K. Stangeland	Ap	

Møteleiar:	Ordførar Helge Andre Njåstad
Frå adm. møte:	Rådmann Rolf Nøstdal, helse- og sosialsjef Arve E. Sunde, skulesjef Liv Margareth Østervold, økonomisjef Liv Bente Storebø og nestleiar osk Astrid N. Fagerbakke
Utlevert i møtet:	Vedlegg til sak 111/09 Austevoll ungdomsskule – notat av 04.10.09 frå Johnny Rabben.
Merknader:	Ingen merknader
Innkalling:	Ingen merknader
Diverse:	

Helge Andre Njåstad
Ordførar

Edvard Johs. Stangeland

Jostein Blænes

Renate Møgster Klepsvik

Kjetil Østervold

Christian Halstensen

Morten Storebø

Julie Solbakken

Ove Fagerbakke

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
102/09	GODKJENNING MØTEBOK FORMANNSKAPET 3. SEPTEMBER 2009
103/09	POLITISK KVARTER
104/09	REFERAT OG MELDINGER
105/09	REKNESKAPSRAPPORT ETTER AUGUST 2009
106/09	BUDSJETTKONTROLL PR AUGUST MND 2009 - HELSE- OG SOSIALETATEN
107/09	BUDSJETTSITUASJONEN FOR 2. HALVÅR 2009 - BARNEVERNET
108/09	REGLEMENT FOR DELEGERING AV MYNDE
109/09	AVLASTNINGSBUSTAD - GODKJENNING AV TILBOD.
110/09	KULTURSALEN STOREBØ SKULE
111/09	AUSTEVOLL UNGDOMSSKULE. TILRETTELEGGING AV GARDEROBAR FOR RØRSLEHEMMA.
112/09	HYTTEBOSSCONTAINER I GRÅSIDALEN, STOREBØ
113/09	TROLAND LAKSEOPPDRETTAS H-AV-25-AKVAKULTUR, KLARERING AV NY LOKALITET TORANGSKJÆRET
114/09	OMVAL TIL TENESTEUTVALET
115/09	VAL TIL OVERFORMYNDERIET

102/09: GODKJENNING MØTEBOK FORMANNSKAPET 3. SEPTEMBER 2009

Rådmannen si tilråding:

Møteboka frå møte i formannskapet 3. september 2009 vert godkjent slik ho ligg føre.

Vedtak:

Møteboka frå møte i formannskapet 3. september 2009 vert godkjent slik ho ligg føre.

103/09: POLITISK KVARTER

Rådmannen si tilråding:

Vert lagt ved møteboka.

Handsaming i møtet:

Ingen spørsmål til politisk kvarter.

Vedtak:

Vert lagt ved møteboka.

104/09: REFERAT OG MELDINGER

Rådmannen si tilråding:

Vert lagt ved møteboka.

Vedtak:

Vert lagt ved møteboka.

105/09: REKNESKAPSRAPPORT ETTER AUGUST 2009

Rådmannen si tilråding:

Austevoll kommune tek rekneskapsrapport etter august 2009 til orientering.

Vedtak:

Austevoll kommune tek rekneskapsrapport etter august 2009 til orientering.

106/09: BUDSJETTKONTROLL PR AUGUST MND 2009 - HELSE- OG SOSIALETATEN

Rådmannen si tilråding:

Saka vert lagt fram for drøfting utan tilråding.

Handsaming i møtet:

Møtet vart lukka i ein periode under handsaming av sak 106/09.

Framlegg frå ordføraren:

”Austevoll formannskap tar budsjettkontrollen til førebels orientering og vil avvende vidare handsaming når KPMG sin rapport er klar 15. oktober. Den vil bli handsama i kommunestyret 22. oktober etter tilråding frå kontrollutvalet 21. oktober.

Formannskapet vil uavhengig av dette signalisere til administrasjonen at signal om at budsjett disiplin og budsjett rammer er viktig ligg fast.”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Austevoll formannskap tar budsjettkontrollen til førebels orientering og vil avvente vidare handsaming når KPMG sin rapport er klar 15. oktober. Den vil bli handsama i kommunestyret 22. oktober etter tilråding frå kontrollutvalet 21. oktober.

Formannskapet vil uavhengig av dette signalisere til administrasjonen at signal om at budsjett disiplin og budsjetttrammer er viktig ligg fast.

107/09: BUDSJETTSITUASJONEN FOR 2. HALVÅR 2009 - BARNEVERNET
Rådmannen si tilråding:

Austevoll kommunestyre løyver kr 600.000,- som tilleggsløyving til barneverntenesta.

Løyvinga vert dekkja ved tilsvarande reduksjon i avsetjing til nedbetaling av tidlegare oppsamla underskot.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre løyver kr 600.000,- som tilleggsløyving til barneverntenesta.

Løyvinga vert dekkja ved tilsvarande reduksjon i avsetjing til nedbetaling av tidlegare oppsamla underskot.

108/09: REGLEMENT FOR DELEGERING AV MYNDE
Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret vedtek *Reglement for delegering av mynde for Austevoll kommune*. Kommunestyret føreset at reglementet blir oppdatert ved endringar.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre vedtek *Reglement for delegering av mynde for Austevoll kommune*. Kommunestyret føreset at reglementet blir oppdatert ved endringar.

109/09: AVLASTNINGSBUSTAD - GODKJENNING AV TILBOD.
Rådmannen si tilråding:

Austevoll kommune inngår kontrakt med Stangeland Gjestegard v/Oddvar Stangeland for kjøp av teneste – avlastningsplassar til barn.

Rådmannen får fullmakt underteikna kontrakten.

Vedtak:

Austevoll kommune inngår kontrakt med Stangeland Gjestegard v/Oddvar Stangeland for kjøp av teneste – avlastningsplassar til barn.

Rådmannen får fullmakt til å underteikna kontrakten.

110/09: KULTURSALEN STOREBØ SKULE
Rådmannen si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek at Storebø skule disponerer kultursalen som planlagd i skuleåret 2009 – 2010. For 2010 – 2011 bør kultursalen bli frigjort tidlegast mogleg om fredagane.
2. Kommunestyret vedtek å halde fram med gjeldande praksis og reglar ved sal av kioskvarer.

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Morten Storebø:

”Austevoll kommunestyre vedtek å halda fram med gjeldande praksis og reglar ved utleige av kultursalen ved Storebø skule.”

Det vart først røysta over pkt. 1 i tilrådinga og framlegget frå Morten Storebø.

5 røysta for rådmannen si tilråding og 3 røysta for framlegget frå Morten Storebø (H Morten Storebø og Julie Solbakken, Ap Ove Fagerbakke).

Det vart deretter røysta over pkt. 2 i rådmannen si tilråding.

4 røysta for (H Morten Storebø og Julie Solbakken, Ap Ove Fagerbakke og Krf Christian Halstensen), 4 røysta mot (Frp Helge Andre Njåstad, Jostein Blånes og Kjetil Østervold, Sp Edvard Johannes Stangeland). Pkt. 2 i rådmannen si tilråding vart forkasta med ordføraren si dobbelstemme.

Vedtak:

Austevoll kommunestyret vedtek at Storebø skule disponerer kultursalen som planlagd i skuleåret 2009 – 2010. For 2010 – 2011 bør kultursalen bli frigjort tidlegast mogleg om fredagane.

111/09: AUSTEVOLL UNGDOMSSKULE. TILRETTELEGGING AV GARDEROBAR FOR RØRSLEHEMMA.

Rådmannen si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek å gå for alternativ 2 med tilrettelegging av garderobe for funksjonshemma i underetasjen ved symjehallen.
2. Kommunestyret vedtek at kostnader til investering på inntil kr skal dekkast av fond for sal av bustader/kommunal eigedom .

Handsaming i møtet:

Renate Møgster Klepsvik kom til møte under handsaming av sak 111/09:

Framlegg frå Ove Fagerbakke til nytt pkt. 1:

”1. Kommunestyret vedtek å gå for alt. 1 Tilbygg med toalett og garderober med direkte tilgang til symjehallen, førebels berekna kostnad kr. 2,4 mill.”

Framlegg frå ordføraren til nytt pkt. 2:

” Austevoll formannskap før delegert mynde til å godkjenne innkomne tilbod.”

Det vart først røysta over rådmannen si tilråding pkt. 1 og framlegg frå Ove Fagerbakke. Tilrådinga vart vedteken mot 1 røyst (Ap Ove Fagerbakke).

Pkt. 2 i rådmannen si tilråding vart deretter sett opp med framlegg frå ordføraren. Framlegg frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Austevoll kommunestyre vedtek å gå for alt. 3 med tilrettelegging av garderobar for funksjonshemma i del av mediateket ved symjehall.
2. Austevoll formannskap før delegert mynde til å godkjenne innkomne tilbud.

112/09: HYTTEBOSSCONTAINER I GRÅSIDALEN, STOREBØ**Rådmannen si tilråding:**

Formannskapet viser til saksframlegg og finner det ikkje rett å plassera hyttekontainer i Gråsidalen slik Seilforeninga søker om. Formannskapet grunnjev dette med at ein då må plassera slike kontainerer i alle småbåthamner i kommunen finasiert av hytteeigarane i kommunen.

Vedtak:

Formannskapet viser til saksframlegg og finner det ikkje rett å plassera hyttekontainer i Gråsidalen slik Seilforeninga søker om. Formannskapet grunnjev dette med at ein då må plassera slike kontainerer i alle småbåthamner i kommunen finasiert av hytteeigarane i kommunen.

113/09: TROLAND LAKSEOPPDRETTAS H-AV-25-AKVAKULTUR, KLARERING AV NY LOKALITET TORANGSKJÆRET**Rådmannen si tilråding:**

Austevoll kommune har vurdert søknad frå Troland Lakseoppdrett AS om klarering av ny lokalitet ved Torangskjæret.

Austevoll kommune kan ikkje sjå at den omsøkte lokaliteten vil ha ei uheldig plassering i forhold til omkringliggjande miljø eller lovleg ferdsel eller anna utnytting av området.

Anlegget er lokalisert i eit fleirbruksområde i kommuneplanen.

Vedtak:

Austevoll kommune har vurdert søknad frå Troland Lakseoppdrett AS om klarering av ny lokalitet ved Torangskjæret.

Austevoll kommune kan ikkje sjå at den omsøkte lokaliteten vil ha ei uheldig plassering i forhold til omkringliggjande miljø eller lovleg ferdsel eller anna utnytting av området.

Anlegget er lokalisert i eit fleirbruksområde i kommuneplanen.

114/09: OMVAL TIL TENESTEUTVALET**Rådmannen si tilråding:**

Rådmannen legg saka fram utan tilråding.

Handsaming i møtet:

Vil bli lagt fram framlegg til representant til møte i kommunestyret.

Vedtak:

Vert lagt til møteboka.

115/09: VAL TIL OVERFORMYNDERIET

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen legg saka fram utan tilråding.

Handsaming i møtet:

Framlegg frå ordføraren:

Edvard Johannes Stangeland

Vedtak:

Austevoll kommunestyre veljer Edvard Johannes Stangeland som medlem i overformynderiet, funksjonstid fram til 31.12.2011.

